

Arkivsaksnr: 2015/1879-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 23.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	13/2015	

## Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Innspel til FoU-Strategi for Vestnorsk fjordlandskap

I brev av 17. feb. 2015 ber Stiftinga Geirangerfjord Verdsarv om tilbakemelding på høyringsutkast knytt til FoU-strategi for Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. FoU-strategien er utarbeida i samarbeid mellom Møreforskning og Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap.

Føremål med FoU-strategien: «Med hovudmålet «Vestnorsk fjordlandskap – eit laboratorium for berekraftig utvikling» vil vi gjennom strategien signalisere at verdsarvområdet skal vere ein stad for læring, for kunnskapsutvikling og for å prøve ut nye berekraftige løysingar.»

FoU-strategien for verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden tar for seg åtte utfordringsområdar for ønska kunnskapsutvikling:

0. Oversikt over forskning knytt til vestnorsk fjordlandskap
1. Forståing, overvaking og ivaretaking av Outstanding Universal Value (OUV) i Vestnorsk fjordlandskap. Omgrepet «Berekraftig utvikling» har i FoU-strategien blitt definert slik: Omgrepet har å gjere med å halde menneskeleg aktivitet, både sosialt og økonomisk, på eit nivå som naturen kan tole.
2. Forstå samspelet mellom naturverdiar i OUV og samfunn i Vestnorsk Fjordlandskap  
OUV skal etter FoU-strategien omfatte følgjande tema:
  - Natur**
    - Ivaretaking av geologiske formasjonar og landskap
    - Rein fjord
    - Rein luft
    - Spreiing av kunnskap om miljøvenleg åtferd
    - God forvaltning av naturverdiar
    - Velhaldne kulturlandskap
    - Velstelt dyrka mark
    - Ivaretaking av biologisk mangfald
    - Ivaretaking av naturlege økosystem
    - Livskraftig fauna både på land og vatn
    - Ivaretaking av verneområde og naturreservat
  - Sosial berekraft**
    - Å oppretthalde eller betre levekår for folk som bur i og i randsona rundt verdsarvområdet

- Å oppretthalde grunnleggjande funksjonar for lokalsamfunn i og i randsona rundt verdsarvområdet
  - At verdsarvområdet gir auka livsglede for folk som bur i området
  - Vidareutvikling av kompetanse hos bufaste i og i randsona rundt verdsarvområdet
  - At lokalbefolkninga har innflytelse over eiga framtid og utviklinga i verdsarvområdet
- Økonomisk berekraft**
- Miljøvenlege og økonomisk solide næringar
  - Utvikling av nye miljøvenlege næringar
  - Ei levekraftig og miljøvenleg landbruksnæring
  - Eit miljøvenleg reiseliv
  - Inntektsnivå i området som held tritt med andre område i Norge
3. Heilskapleg og berekraftig næringsliv i Vestnorsk fjordlandskap.
  4. Utvikling av eit berekraftig næringsliv i Vestnorsk fjordlandskap
  5. Oppslutning om Verdsarvstatus og berekraftig utvikling
  6. Berekraftig teknologiutvikling i Vestnorsk fjordlandskap
  7. Formidling av Verdsarvverdiane gjennom forskning

Verneområdestyret har blitt spurt om å komme med eventuelle innspel/kommentarar til høyringsutkastet. Arbeidet med rapporten blei starta opp i januar 2014 og frist for å komme med innspel til høyringsutkastet er 1. april 2015.

### **Forvaltars tilråding:**

Verneområdestyret stillar seg positive til FoU-strategien som er utarbeida i samarbeid mellom Møreforsking og verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap.

Innhenting av kunnskap (Kulepunkt 0.), kartlegging av naturverdiar og truslar mot naturverdiar (kulepunkt 1.) og å auke forståelsen for samspelet mellom naturverdiar i OUV og samfunn (kulepunkt 2.) vurderast i høg grad som relevant for forvaltninga og vil bidra til at verdiane i områda blir meir synleggjort og styrka og vil såleis kunne bidra til økt bevisstgjøring og engasjement for bevaring og utvikling av de eksisterande verdiane knytt til Verdsarven og dei aktuelle verneområda. Det er ønskeleg med økt kunnskap og betre kjennskap til områdar som ikkje har vore undersøkt tidlegare, spesielt tema knytt til naturvitskap i og ikring verneområda. Økt kunnskap vil og kunne gi eit betre grunnlag for målretta forvaltning av verdiane i natur- og kulturarven/verneområda.

Kulepunkt 3. *«Heilskapleg og berekraftig forvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap».*

I dei tilfella kor tiltak vil kunne ha potensielt uheldige konsekvensar for verneverdiane i landskapsvernområdet/naturreservata vil tiltaka bli stoppa ettersom alle tiltak som i vesentlig grad kan endre området art eller karakter skal behandlas av verneområdestyret etter aktuelle verneforskrifter og Naturmangfaldloven. Verneområdeforvaltninga vil være strengast og normalt samsvare med bevaring av verdiane som ligg til grunn for verdsarvstatusen. Forsking som kan medføre uheldig ferdtsel eller inngrep på naturen i området må ikkje førekomme i verneområda. Forsking av naturvitskapleg og samfunnskulturell art er interessant, men løyve må innhentas av verneområdestyret om det til dømes medfører til motorferdsel inn i verneområda, jf. § 3 punkt 5.1.

Verneområdestyret stiller seg elles positive til ideen om eit «besøksforvaltningsprosjekt» som har som føremål å minke belastninga i området som blant anna er knytt til luftforureining og utslepp i fjorden og spesielt med tanke på generell «overbefolkning» som kan medføre slitasje på verneområda. Det finnes, så vidt styret veit, ingen undersøkingar som tar føre seg tålegrensene mellom bruk og vern på disse områda.

Verneområdestyret ønskjer elles å komme med innspel om at utfordringa kring støyforureining kan vere relevant tema å inkludera i FoU-strategien. Temaet ble tatt opp på møtet med fagleg rådgjevande utval den 18. mars i år kor det var brei einigheit om at høg frekvens av motorisert ferdtsel i luftrommet

(spesielt i sommarhalvåret) bidreg til lågare trivsel for tilreisande og høgare stressnivå for husdyr og dyreliv generelt innafor landskapsvernområdet.

Sjølv om målsettingane for verneområdeforvaltninga og arbeidet med verdsarvområda kan vere noko forskjellige, er det eit fellestrekk at man søker å forene ulike interesser og styrke kunnskap og engasjementet som grunnlag for eit balansert samspill mellom vern og utvikling med utgangspunkt i verneverdiar knytt til natur- og kulturmiljø. Verneområdestyret vil i all hovudsak stille seg støttande til rapporten og ser fram mot å følgje vidare med på utviklinga.